Ros til Kvinnherad Energi

09.12.2011

Kvinnherad Energi får ros for ljoset (Foto: Hans Ordin Østebø)

Oppsittarane langs vegen ned til Beinavikjo ynskjer å rosa Kvinnherad Energi for kjapt arbeid når dei fyrst kom i gang med gateljosprosjektet.

Det tok berre 2 veker frå rigging av stolpar til monteringa var ferdig og lyset tent torsdag kveld. Det var stort at det vart gateljos til jul, blir det sagt.

Men det har vore arbeidd lenge med saka.

Det siste formelle brevet vart sendt kommunen i 2007. Prosjektet kom på investeringsbudsjettet i 2011 etter framlegg frå og godt arbeid av avdøde Torfinn Myklebust Kostnaden ligg mellom 70 000 og 80 000 har uskedalen.no fått opplyst i Kvinnherad Energi.